

## Mellombels busetjing i fritidsbustader

1. Valle kommune er positive til å kunne vurdere dispensasjonar iht. plan og bygningslova §19-2 for bruksendring av fritidsbustadar til bustad.
2. Innanfor regulerte byggeområder i høgstandardområder (tilkopla vatn- og avlaup) vert søknader om dispensasjon handsama administrativt.
3. Dispensasjonar som vert gjevne skal vere mellombels iht. plan og bygningslovens §19-3, og skal ikkje knytast til eigedomen, men til person(ar) som søkjar. Dette inneber at dispensasjon opphøyrer ved fråflytting eller eigarskifte på eigedomen.
4. Fylgjande vilkår må være oppfylte og dokumenterte for at dispensasjon skal kunne gjevast:
  - Eininga som skal bruksendrast til bustad skal ha innlagt straum
  - Drikkevass- og avlaupsløysing skal tilfredsstillе krava til heilårsbustad
  - Tilkomsten skal vere vinterbrøyta.
  - Ligg fritidsbustaden innanfor ein bomveg, skal naudsynte offentlege instansar (utrykningsetatar, heimeteneste m.fl.) ha gratis, nøkkelfri tilgang til bruk av vegen. Ytterlegare vilkår kan setjast etter vurdering i den enkelte sak.
5. For å sikre at bruksendringa vert oppfylt vert det sett fylgjande vilkår:
  - Eigedomar med mellombels bruksendring skal nytte same renovasjonsordning som tidlegare, men vil på grunn av auka levert mengde fakturerast som bustadrenovasjon. Det er ikkje høve for fellesrenovasjonsordning med nabo
  - Søkjar må innan 3 månadar endre bustadadresse i folkeregisteret til den aktuelle eigedomen der bruksendring vert godkjent. Ytterlegare vilkår kan setjast etter vurdering i den enkelte sak.
6. For å kvalitetssikre at relevante omsyn er ivaretekne skal søknader om bruksendringar ved behov føreleggjast Setesdal miljø og gjenvinning og Setesdals brannvesen IKS for uttale.
7. Dersom det vert sett vilkår med tidsfristar i vedtaket, vil det kunne gjevast mellombels bruksløyve fram til vilkåra er oppfylt.
8. Dispensasjonssøknader om bruksendring vert gebyrlagde. Det vert innarbeidd eit nytt pkt. 16.32 i kommunens gebyrregulativ for teknisk forvaltning «Bruksendringar frå fritidsbustad til bustad – eller omvendt, i regulerte byggeområder». For 2022 vert gebyret fastsett til kr. 5.000,-
  - (Dispensasjonsgebyr kjem i tillegg).

**Vedteken av kommunestyret i møte den 11.10.2022.**